



Egil Magnar Eidsnes
Eidsnes Ytre
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/325 - 21/74983

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
10.11.2021

Godkjent endring av løyve - gbnr 215/88 Eidsnes ytre

Administrativt vedtak: **Saknr: 1204/21**
Tiltakshavar: Egil Magnar Eidsnes
Ansvarleg søkjar: Ingeniør Lyder K Leithaug
Søknadstype: Søknad om endring av tiltak

VEDTAK

Søknad om endring av løyve datert 28.06.2021 vert godkjent. Endring gjeld endra plassering av einebustad ved at tiltaket vert plassert vel 2 meter lengre nord på tomte. Vedtaket er hjemlet i plan- og bygningslova §§ 20-1, jf. § 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av gitt løyve til oppføring av einebustad, jf. vedtak datert 11.02.2020. Endringa gjeld endra plassering av einebustaden.

Det vert elles vist til søknad mottatt 28.06.2021 og dispensasjon frå Vestland fylkeskommune datert 26.08.2021.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 26.08.2021 og frist for sakshandsaming er 12 veker frå den dato.

Planstatus

Eigedommen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel for Alver 2019 – 2031 er avsett til LNF- føremålet innafør omsynssone landbruk.

Dispensasjon

Det blei gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet 11.02.2020 for oppføring av einebustad.

Uttale frå anna styresmakt

Vestland fylkeskommune har 26.08.2021 gjeve dispensasjon frå byggjegrensa mot fylkesveg 5456 Eidsnesvegen for å etablere bustad på gbnr 215/88.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 17.06.2021.

Vegstyresmakta har gjeve dispensasjon til plassering av tiltaket 17 meter frå senterlina på fylkesveg 5456.

Nabovarsling

Tiltaker blei nabovarsla før løyve før løyve 11.02.2020.

Det er gjeve fritak frå krav om ny nabovarsling.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Regelverk

- Endring av tiltak er søknadspiktig etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-3/20-4, jf. 20-2, jf. 20-1.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl).

Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 20/325

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Egil Magnar Eidsnes
Ingeniør Lyder K Leithaug

Eidsnes Ytre 5913
Bønnesskogen 5154
3B

EIKANGERVÅG
BØNES